

## EU-parlamentet vil stoppe handel med truede dyrearter

**Smuggling.** Minst 1377 neshorn og 20.000 elefanter har blitt skutt av krypskyttere i Afrika i fjor. India mistet 76 tigre - det høyeste tallet siden 2010. Mange suvenirer fra de drepte dyrene havner i Europa. EU-parlamentet går inn for øyeblikkelig totalforbud av handel med elfenbein og neshornbein og vedtok øremerkede midler til arbeidet mot smuggling av disse.

WWF ønsker tiltakene velkommen, men mener det må mer handling til på grunnplanet.



Foto: Reuters / NTB scanpix

## Europeere lever lenger, men blir ikke friskere.

**Helse.** En ny rapport laget av OECD og EU viser at forventet levealder er nå over 80 år i de fleste EU-land.

Likevel lider 50 millioner europeere av kroniske sykdommer og mer enn 500.000 dør mens de fortsatt er i arbeidstør alder hvert år. Dette koster EU-økonomien nesten 1000 milliarder kroner årlig. 16 prosent er overvektige i forhold til 11 prosent i 2000 og én av fem røyker.



**Må forhandle:**  
Storbritannias statsminister Theresa May under ein EU-konferanse i Brussel for ei veke sida.

Foto: Reuters / NTB Scanpix

# Handling etter brexit

Brexit får fram interessante spørsmål og perspektiv på den europeiske framtida. Britane må forhandla fram nye handelsavtalar både med EU og Efta, og sidan det er fyrste gong eit land forlet EU, så gir det rom for å sjå på kva anna enn EU som kan vera eit rammeverk for europeisk handel.

Europa har vore mykje, men politisk samla har det sjeldan vore. Tanken om eit sameint Europa har levd sidan Romarriket si tid. Dei tyske keisarane i mellomalderen såg seg som arvtakarar til dei romerske keisarane. I denne tanken fekk dei på 1000 talet konkurranse pavedømet, som kanskje er det nærmaste Europa nokon gong har kome ei slags samling. Så har ein EU, som ei stund tidleg på 2000-talet kunne sjå ut som om det var den europeiske soga fullenda.

Då EU vart skipa i 1958, var det det økonomiske og politiske samarbeidet på langt nær så omfattande som i dag, men tanken om dei fire fridomane vart alt då formulert. Nett denne tanken om kva ein slik tett integrasjon ville innebera, var ein av årsakene til at mange land valde å stå utanfor EU. I staden vart Efta skipa i 1960 som eit alternativ til EU.

Efta vart skipa som ein frihandelsorganisasjon for industrivarar, og i 1960 var organisasjonen

samansett av sju land, inkludert Storbritannia og Noreg. I talet på medlemsstatar var Efta den gong større enn EU, som då bestod av seks land. I dag består Efta av berre fire land: Noreg, Island, Sveits og Liechtenstein. Efta har 27 frihandelsavtalar med 38 forskjellige land. Slik er Efta likevel eit stort globalt handelsnettverk, og gjennom EØS-avtalen er tre av Efta-landa (Noreg, Island og Liechtenstein) del av den indre marknaden til EU.

Efta er ein organisasjon for frihandel av industrivarar og fiskeriprodukt. Jordbruksvarer er unntatt frihandelen. Efta handhevar frihandelen gjennom diverse organ og komitear, der Efta-domstolen og Efta-rådet er dei viktigaste. Ingen av desse organa har overnasjonal myndighet.

Efta har ingen felles tollunion mot tredjeland, slik som EU har. Kvart land opprettheld sine eigne tollsatsar, sjølv om dei forhandlar sameinte. Sidan 2001, etter at Vaduz-konvensjonen vart signert, har Efta teke inn fri flyt av menneske og tenester i grunnprinsippa sine. Dette er i stor grad ei samkjøring med EØS-prinsippa.

### Fakta

#### EU/EFTA

EFTA skil seg frå EU på viktige område som vist i tabellen nedanfor.

#### EU

Tollunion og indre marknad med frihandel  
Overnasjonale styringsorgan  
Sameint jordbrukspolitikk  
Felles handelspolitikk på vegne av medlemslanda

Frihandel for industrivarar utan tollunion  
Mellomnasjonalt råd, ikkje overnasjonalt  
Jordbruk unntake frihandelen  
Fleksibilitet i handelspolitikken for medlemslanda

KJELDE: AGRIANALYSE

Med skipinga av Efta var Europa delt i tre handelsblokker: EU, Efta, og kommunistlanda sit handelsområde, Comecon. Sidan har nesten heile Europa vore integrert i forskjellige frihandelsorganisasjonar, med EU som den klart dominerande. Gjennom denne veksten vart EU også stadig sterkare integrert og overnasjonalt.

Det var Maastricht-traktaten (1992) som skapte det integrerte EU ein har i dag, men det har heile vegen vore debatt innan og utanfor EU om kor stor den økonomiske og politiske integrasjonen skal vera. Fram til om lag midten av 2000-talet, stod ideen om sterkt integrering sterkest, men som me veit, så har pende-

len i dag svinga andre vegen – brexit er kulminasjonen på dette så langt. Men kanskje stopper det ikkje her, kan hende får me ein grexit, og andre exitar også?

Om britane no går ut av EU, kan det bli fyrste gong på nesten 50 år at eit sentralt europeisk land kjem til å stå utanfor ei handelsblokk – å stå áleine utanfor nokon handelsblokk er eit av alternativa Storbritannia har etter brexit. Eit anna alternativ er at britane kan bli medlemmer i Efta, sjølv om dette er lite truleg.

Det er særleg fleksibiliteten på det handelspolitiske feltet, samt den høgare graden av nasjonal sjølvråderett som kan gje Efta attraktivt.

vande folkerøysting med marginalt fleirtal som sa at ein skulle ut av EU. Artikkel 50 i Lisboa- traktaten, som må aktiverast om eit land vil ut av EU, har framleis ikkje blitt aktivert. Og sjølv om den blir det, så vil det ta eit par år før ein reell brexit kan finna stad. Mykje kan skje, og mykje står på spel.

Europa er i dag dominert av EU, men for 50 år sidan var Europa delt i tre handelsblokker. Det er ikkje gitt at EU-modellen er einaste alternativet for økonomisk samhandling. Som vist til her så var Efta til dømes eit potent alternativ til EU i 1960-åra. Transnasjonale handels- samarbeid er komne for å bli, men det er ikkje sikkert dei treng sjå ut som EU.

### Det kan skje

«Eit siste alternativ er at Storbritannia blir verande i EU. Ein skal hugsa på at det var ei rådgiv-

Eirik Magnus Fuglestad  
Trainee, AgriAnalyse